



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

**Supplerande kartlegging av naturtypar på
kysten av Romsdal og Nordmøre i 2009,
med vekt på oseaniske mosar**



Rapport 2010:05

Utførende konsulent: John Bjarne Jordal	Kontaktperson/prosjektansvarlig: John Bjarne Jordal E-post: john.bjarne.jordal@sunnalds.net	ISBN 978-82- 7430-181-8 (nett) ISBN 978-82- 7430-180-1 (papir- utgåve) ISSN 0801-9363
Oppdragsgjevar: Direktoratet for naturforvaltning	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Ingerid Angell Petersen Hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal: Kjell Lyse	År: 2010
Referanse: Jordal, J.B. 2010. Supplerande kartlegging av naturtypar på kysten av Romsdal og Nordmøre i 2009, med vekt på oseaniske mosar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport 2010:05, 64 s.		
Referat: I 2009 er det utført supplerande naturtypekartlegging i Fræna (18 lokalitetar) og Eide (10), Averøy (3), og Gjemnes (1). Det er i samband med arbeidet gjort 41 funn av 4 nasjonale raudlisteartar, av desse er det 39 funn av mosar (2 artar), 1 funn av planter (1 art) og 1 funn av sopp (1 art). Det er skildra 32 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane myr (2), berg/rasmark (24), fjell (1), kulturlandskap (1) og skog (4). Særleg mykje undersøkte naturtypar i samband med denne rapporten er B04 nordvendte kystberg og blokkmark (24). 15 lokalitetar fekk verdi A (svært viktig), 16 verdi B (viktig) og 1 verdi C (lokalt viktig). Det er presentert foto frå dei fleste lokalitetane. Det er i 2009 lagt særleg vekt på kartlegging av lokalitetar for den sjeldne torntvibladmosen <i>Scapania nimbosa</i> (kritisk truga på raudlista). Det er no kjent 26 lokalitetar med denne arten i fylket, som i Europa berre finst i Eide/Fræna/Gjemnes og på dei britiske øyane.		
Emneord: naturtypar raudlisteartar kartlegging Møre og Romsdal Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes		karplanter mose lav sopp <i>Scapania nimbosa</i>
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
 (seksjonssjef)	 Per Fredrik Brun (direktør miljøvernavdelinga)	

Framsdebilet

Biletet er tatt mot Stortussen i Eide på ein typisk gråversdag (29.04.2010). Dei høge kystfjella i Fræna, Eide og Gjemnes er vakre å sjå på i finver, men gøymer også på spennande løyndomar som mest er knytt til styggeveret som det er mykje av her. Når vestaveret treffer desse fjella vert lufta pressa opp og slepper mykje nedbør. Saman med mykje skodde gjev dette gode fukttilhøve for spesialiserte oseaniske (kystbundne) moseartar som er sjeldne i europeisk samanheng. Dei veks særleg på nordsida av desse fjella. Rapporten presenterer ei kartlegging av ein del av desse lokalitetane.

Foto: John Bjarne Jordal.

FØREORD

Naturbase er ein database som inneheld stadfesta informasjon om viktige lokalitetar for det biologiske mangfaldet i heile Noreg, og som vert administrert av Direktoratet for naturforvaltning. Arbeidet med å få oversikt over naturverdiar i fylket er omfattande, og datasetta har oftast behov for supplering. Arbeidet med supplering i Møre og Romsdal har pågått frå 2006. Målet er gradvis betre dekning i heile fylket.

Underteikna har i 2009 utført supplerande naturtypekartlegging på Romsdalshalvøya etter metoden i DN-handbok nr. 13. Oppdragsgjevar har vore Direktoratet for naturforvaltning, medan Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavingdelinga, har utført digitalisering og gjeve ut rapporten.

Målet for kartlegginga i 2009 har vore å få supplert tidlegare naturtypekartlegging på Romsdals- og Nordmørs-kysten, særleg med tanke på kystbundne og truga moseartar.

Produkta av prosjektet er i tillegg til denne rapporten ein database som kan koplast mot kart. Dette vil bli offentleg tilgjengeleg i Naturbase på Internett (www.naturbase.no).

Takk til Kristian Hassel, Vitenskapsmuseet, NTNU, for kontrollbestemming av einskilde moseinnsamlingar.

Jordalsgrenda 10.04.2010

John Bjarne Jordal

biolog

INNHALD

FØREORD	3
INNHALD	4
SAMANDRAG	5
INNLEIING	7
BAKGRUNN.....	7
FORMÅLET MED RAPPORTEN.....	7
METODAR OG MATERIALE	8
INNSAMLING AV INFORMASJON.....	8
ARTSBESTEMMING OG DOKUMENTASJON.....	8
RAPPORTERING.....	8
FUNN AV RAUDLISTEARTAR	9
KARPLANTER	9
SOPP.....	9
MOSAR	9
FUNNOVERSIKT	11
LOKALITETS-SKILDRINGAR	14
AVERØY	14
EIDE.....	16
FRÆNA	23
GJEMNES.....	38
TIDLEGARE LOKALITETAR.....	39
KJELDER	43
SKRIFTLIGE KJELDER.....	43
MUNNLEGE KJELDER	44
BILETE	45
KART	57
VEDLEGG	58
PLANTELISTER	58
KRYPTOGAMLISTER.....	61

SAMANDRAG

Bakgrunn og formål

Den generelle bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Det er eit ønske at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må bli betre.

Hovudformålet med prosjektet er å gje alle arealforvaltarar eit betra naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i all verksemd.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei inneheld naturtypar og vegetasjon det er lite av eller som er i tilbakegang, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 2007).

For å skaffa fram ny kunnskap er det utført feltarbeid, og dette er hovudsaka med prosjektet. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av raudlisteartar og truga vegetasjonstypar. Informasjonen er presentert på kart, i database og i rapport.

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Forhold knytt til arealbruk er viktigast. Slike artar kallast raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport (Kålås et al. 2006).

Det er under registrering av lokalitetar i rapporten gjort 41 funn av 4 nasjonale raudlisteartar, av desse er det 39 funn av mosar (2 artar), 1 funn av planter (1 art) og 1 funn av sopp (1 art).

Lokalitetar

Det er utført registreringar mest i Fræna (18 lokalitetar) og Eide (10), men det er også registrert nokre lokalitetar i Averøy (3), og 1 i Gjemnes. I tabell 1 er det lista opp 32 lokalitetar med verdisetting. Av objekt registrert i Naturbase på Internett frå før er 2 supplert i felt. Dei nye lokalitetane er gjeve nummer (Nr.) frå 1 til 30, og er ordna kommunevis, dessutan er dei to tidlegare undersøkte lokalitetane oppgjeve med IID i Naturbase.

Tabell 1. Oversyn over lokalitetar registrerte i 2009. Tabellen gjev ei oversikt over avgrensa og verdisette lokalitetar sorterte etter nummer. Dei to siste lokalitetane er registrerte i Naturbase frå før, men er supplert i 2009A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Nr.	Kommune	Lokalitet	Naturtype	Verdi
1	Averøy	Vassdalen: søraust for Knausen	A08 kystmyr	A
2	Averøy	Vassdalen: ved Vassdalselva	A08 kystmyr	B
3	Averøy	Vassdalen: nord for Svarthamran	F08 gammal barskog	B
4	Eide	Bollia: Mjølkerberget nord	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
5	Eide	Bollia: ast for Bolliklumpen	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
6	Eide	Herkedalsfjellet vest	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
7	Eide	Herkedalsfjellet sør	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
8	Eide	Herkedalsfjellet søraust	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
9	Eide	sør for Durmålshaugen 1	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
10	Eide	sør for Durmålshaugen 2	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B

Nr.	Kommune	Lokalitet	Naturtype	Verdi
11	Eide	sørvest for Galtvatnet	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
13	Fræna	Herskaret: sørvest for Trollvatnet	F07 gammel lauvskog	B
14	Fræna	Skalten nordvest	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
15	Fræna	Bjerke vest for Skalten	F07 gammel lauvskog	B
16	Fræna	Høgla nord	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
17	Fræna	Høgla sørvest	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	C
18	Fræna	Tverrfjell: Seterdalen nord	F07 gammel lauvskog	B
19	Fræna	Tverrfjell: Seterdalen sør	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
20	Fræna	Tverrfjell: Stordalen midtre	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
21	Fræna	Tverrfjell: Stordalen sør	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
22	Fræna	Tverrfjell: Stordalen sørvest	C01 kalkrike område i fjellet	B
23	Fræna	Allia nordvest	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
24	Fræna	Allia sør	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
25	Fræna	Allia nordaust	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
26	Fræna	Rødalen: Gjengkleiva nord	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
27	Fræna	Rødalen: Rødalsetra	D04 naturbeitemark	B
28	Fræna	Fjellsetervatnet sør	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
29	Fræna	Vest for Frænavarden	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B
30	Gjemnes	Skredfjellet nord	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
BN00045846	Eide	Herkedalsfjellet nord	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	A
BN00020307	Fræna	Tverrfjell: Stordalenvest	B04 nordvendte kystberg og blokkmark	B

I tabell 2 er det presentert eit statistisk oversyn over naturtypar og verdi for lokalitetar omtala i rapporten. Det er skildra 32 naturtypelokalitetar frå hovudnaturtypane myr (2), berg/rasmark (24), fjell (1), kulturlandskap (1) og skog (4). Særleg mykje undersøkte naturtypar i samband med denne rapporten er B04 nordvendte kystberg og blokkmark (24). 15 lokalitetar fekk verdi A (svært viktig), 16 verdi B (viktig) og 1 verdi C (lokalt viktig).

Tabell 2. Statistikk over naturtypar og verdi for lokalitetar omtala i rapporten. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig.

Hovudnaturtype	Kode	Naturtype	A	B	C	Sum
Myr	A08	kystmyr	1	1		2
Rasmark, berg og kantkratt	B04	nordvendte kystberg og blokkmark	14	9	1	24
Fjell	C01	kalkrike område i fjellet		1		1
Kulturlandskap	D04	naturbeitemark		1		1
Skog	F07	gammel lauvskog		3		3
	F08	gammel barskog		1		1
Sum			15	16	1	32

I tillegg er det oppsøkt 15 lokalitetar som ut frå kart og avstandsbetraktning kunne vera B04, men der det ikkje vart avgrensa naturtypelokalitetar.

Kjelder og vedlegg

Kjelder i form av litteratur, Internettstader og personar er oppgjevne. I vedlegget er det presentert artslistar for einskildlokalitetar. Oppdragsgjevar har sørgja for å digitalisera dei avgrensa lokalitetane, og avgrensingane er tilgjengeleg på www.naturbase.no.

Heile rapporten er tilgjengeleg på <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1542&amid=1004227>.

INNLEIING

Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er eit ønske om betre kunnskap om prioriterte naturtypar i Møre og Romsdal. Slike undersøkingar har foregått i dei fleste kommunane i fylket, men på grunn av tidlegare rammer er dei ufullstendige og treng supplering. Eg har i 2009 utført kartlegging særleg i Eide, Fræna og Gjemnes, men og vore innom Molde.

Formålet med rapporten

Hovudformålet med prosjektet er å gje alle arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i Møre og Romsdal, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei inneheld naturtypar og vegetasjon det er lite av eller som er i tilbakegang, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet.

METODAR OG MATERIALE

Innsamling av informasjon

Registreringsarbeid og rapportering, dvs. avgrensing, skildring og verdisetting, følger DN-handbok nr. 13, 2. utgåve på Internett (DN 2007). Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei inneheld naturtypar og vegetasjon det er lite av eller som er i tilbakegang, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Identifisering av nye område er basert på feltarbeid, men også nokre kjende område (Naturbase) er undersøkte betre. For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbase og diverse andre databasar på Internett.

Artsbestemming og dokumentasjon

Artsbestemming av karplanter er gjort ved hjelp av Lid & Lid (2005), og norske namn følgjer også denne utgåva. Bestemming av mosar er gjort m.a. ved hjelp av Hallingbäck & Holmåsen (1985) og Damsholt (2002). Kristian Hassel, NTNU, har kontrollert nokre mosefunn. Særleg interessante funn er sende til Botanisk museum i Oslo eller Vitenskapsmuseet i Trondheim, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle (jf. GBIF og Artskart). Vitskapelege navn følgjer dei publikasjonane som er bruka i arbeidet.

Rapportering

Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av raudlisteartar og truga vegetasjonstypar. Manuskart er levert til fylkesmannen i Møre og Romsdal, som har digitalisert dei. Informasjonen er presentert i rapport og i database som og omfattar kartdata. Rapporten vert m.a. tilgjengeleg på www.jbjordal.no og <http://miljostatus.no>. Kjelder i form av litteratur, Internettstader og personar er oppgjevne. I vedlegget er det presentert artslistar for einskildlokalitetar. Karplanter er presentert for seg, lokalitetsvis med norske namn. Kryptogamar er og presenterte lokalitetsvis, med organismegruppe, latinske og norske namn og raudlistestatus. All informasjon om lokalitetane er tilgjengeleg på www.naturbase.no.

Heile rapporten er tilgjengeleg på <http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1542&amid=1004227>.

FUNN AV RAUDLISTEARTAR

Med raudlisteartar (sjeldne og truga artar) meinest her artar som er oppført på den nasjonale raudlista (Kålås et al. 2006), som nyttar følgjande kategoriar:

RE	regionalt utdøydd	VU	sårbar
CR	kritisk truga	NT	nær truga/omsynskrevande
EN	sterkt truga	DD	kunnskapsmangel

Karplanter

I samband med feltarbeidet i 2009 vart det gjort éi registrering av ei raudlista planteart, nemleg kvitkurle (VU). Denne vart funnen i fukthei med finnskjegg på Herkedalsfjellet i Eide, eit område som tidlegare truleg har vore mykje beita av sau. Denne arten reknast som ein kulturmarksart, som særleg er knytt til naturbeitemark og slåttemark.

Sopp

I samband med registreringsarbeidet er det berre gjort ei registrering av éin raudlista soppart, trolljordtunge som er knytt til kulturlandskapet. Den høyrer til beitemarkssoppene, som er knytt til naturbeitemarker, dvs. beitemarker som ikkje - eller i liten grad - er utsette for jordarbeiding eller gjødsling. Desse er truga av endringane i det moderne kulturlandskapet.

Mosar

Det er i 2009 satsa ein del på å kartleggja torntvibladmose (CR – kritisk truga), sjå nedanfor. Elles vart det funne praktdraugmose *Anastrophyllum donnianum* (NT - nær truga). Dette er ein nokså sjeldsynt oseanisk art med berre to kjende lokalitetar frå før i Møre og Romsdal (Volda og Ørsta). Funnet i Eide i 2009 er ny norsk nordgrense.

Torntvibladmose Scapania nimbosa


Den raudlista mosearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR) vart oppdaga ved Sleppskardet i 1907 av den amerikanske språkprofessoren og moseforskarer Albert LeRoy Andrews (Andrews 1919), og seinare attfunnen her av moseforskarer E. Jørgensen i 1921 og 1931 (Jørgensen 1934). Fleire forsøk på å finna att arten seinare mislukkast, og til slutt trudde ein at arten var utrydda, delvis fordi Sleppskardet har gjennomgått dramatiske endringar dei siste 50 åra som følgje av kalksteinsutvinning (Hassel et al. 2000). Så vart arten funnen av Geir Gaarder i Ramgrøhammaren i Eide, rundt 6 km frå Sleppskardet, i 2005 i samband med konsekvensutgreiing av kraftlina frå Kleive til Tornes (Gaarder & Stenberg 2003). I 2005 vart arten også funnen av Gaarder ved Hældalsvatnet i Eide (Gaarder & Hassel 2005). I 2006 vart arten oppført som kritisk truga (CR) på den norske raudlista (Kålås et al. 2006). I pinsa 2007 oppdaga Geir Gaarder og underteikna at bestanden ved Hældalsvatnet var betydeleg større enn ein tidlegare hadde visst. Dette vart starten på ein større leiteaksjon i 2007-2009 som har ført til at ein i dag kjenner totalt 26 lokalitetar med 144 punktførekomstar av torntvibladmosen, og 6-7 kvadratmeter mosedekning (Jordal 2009, denne rapporten). Arten er berre kjent frå Romsdalshalvøya i Noreg og dessutan Storbritannia, Nepal og sørvest-Kina (Yunnan) (Hill et al. 1991, Damsholt 2002, figur 1). Storbritannia har dei viktigaste bestandane utanom Noreg. Utreiinga på Romsdalshalvøya er vist i figur 2.

Torntvibladmosen er ein av dei sjeldnaste mosane i Noreg på grunn av eit sers lite utbreiingsområde, og særleg Eide har eit ansvar for dei skandinaviske bestandane av denne arten (19 lokalitetar og hovudbestand med ca. 6 av totalt 7 kvadratmeter mosedekning og 109 av 144 punktførekomstar), men det same gjeld og i noko grad Fræna (6 lokalitetar og 32 punktførekomstar med ca. 1 av totalt 7 kvadratmeter mosedekning). Bestanden som er funnen i Gjemnes til no er svært liten (1 lokalitet, 3 punktførekomstar, ca. 8 kvadratdesimeter mosedekning). Vertikalt er arten funnen 200-550 meter over havet, med dei lågastliggjande førekomstane nærast kysten ved Årøyan nord for Gådalsvatnet og dei høgastliggjande lengst unna kystlina ved Galtvatnet i Eide (vest for Harstadfjellet, nær grensa mellom

Eide og Gjemnes). Arten førekjem i fuktige, nordvendte og meir eller mindre opne kystheiar og bakkemyrar, gjerne med små svaberg og berghamrar, rundt skoggrenseneivå eller litt høgare eller lågare, oftast i mellomboreal vegetasjonssone. Den klimatiske skoggrensa ligg under 400 m o.h. i ytre del og over 500 m o.h. i indre del av utbreiingsområdet (Moen 1998), men den verkelege skoggrensa er ofte lågare enn dette.



Figur 1. Totalutbreiing av torntvibladmose *Scapania nimbosa* i verda (basert på Hill et al. 1991).



Figur 2. Utbreiing av torntvibladmose *Scapania nimbosa* i Noreg (raude prikkar). Svarte prikkar viser lokalitetar der arten er ettersøkt, men ikkje funnen. Pilen peikar på Sleppskardet der det første funnet av arten vart gjort i 1907.

Praktdraugmose *Anastrophyllum donnianum*

Praktdraugmose *Anastrophyllum donnianum* (NT) er ein annan av dei store, oseaniske levermosane, og veks i omlag same terreng som torntvibladmosen. Utbreiinga i Noreg er avgrensa til dei mest nedbørrike kystfjella på Vestlandet, frå Hjelmeland i Ryfylke til den nye nordgrensa i Eide på Nordmøre, som vert presentert her (figur 3). Frå før er arten i Møre og Romsdal kjend frå Rambjørhornet (ved Sandhornet) i Ørsta, der arten vart funnen av Kaalaas (1911) i 1892 og Kavli (1970, funn truleg gjort ca. 1968) og atfunnen av underteikna 08.06.2007. Dette har lenge vore kjent som nordgrensa for arten. I tillegg vart arten funnen ved Koppen i Bjørkedalen i Volda (vest for Løsethornet nær grensa til Sogn og Fjordane) av Dag Holtan og underteikna 12.09.2007 i samband med naturtypekartlegging (Holtan & Jordal 2009). Den totale bestanden i fylket er svært liten, det dreier seg etter dagens kunnskap om 7-8 punktforekomstar med ca. 0,2-0,5 kvadratmeter mosedeckning.



Figur 3. Utbreiing av praktdraugmose *Anastrophyllum donnianum* i Noreg. Runde raude prikkar: koordinatfesta funn, raude stjerner: stadfesta berre til kommune. Kjelde: Artskart 07.04.2010.

Funnoversikt

Oversikt over funn av raudlisteartar i prosjektet er presentert i tabell 3. Totalt inneheld oversikta 41 funn av 4 raudlisteartar.

Tabell 3. Oversikt over funn av raudlistearter (etter raudlista av 2006) under feltarbeidet i 2009. Gr=organismegruppe: M=mosar, P=karplanter, S=sopp. Pop.=bestandsstorleikRL=kategori på raudlista (Kålås et al. 2006): EN=sterkt truga, VU=sårbar, NT=nær truga, DD=kunnskapsmangel. Hoh=høgde over havet (i meter). Alle posisjonar er UTM sone 32V, kartdatum WGS84. Alle posisjonar med 8 eller 10 siffer er målt med GPS.

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Lok. nr.	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Hoh	Pop.	Leg.
M	<i>Anastrophyllum donnianum</i>	prakttraugmose	NT	8	Eide	Herkedalsfjellet SØ	fukthei	25.06.2009	MQ 27806 75110	354	7 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	5	Eide	Bollia: aust for Bolliklumpen	fukthei	27.11.2009	MQ 13630 79668	300	8 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	5	Eide	Bollia: aust for Bolliklumpen	fukthei	27.11.2009	MQ 13671 79674	291	3 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	5	Eide	Bollia: aust for Bolliklumpen	fukthei	27.11.2009	MQ 13686 79689	279	8 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	5	Eide	Bollia: aust for Bolliklumpen	fukthei	27.11.2009	MQ 13727 79685	268	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	6	Eide	Herkedalsfjellet vest	fukthei	25.06.2009	MQ 27171 74807	358	2 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	7	Eide	Herkedalsfjellet sør	fukthei	25.06.2009	MQ 27572 74426	478	8 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28318 75714	524	2 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28304 75721	515	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28323 75718	520	2 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28332 75714	527	3 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28345 75705	535	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	11	Eide	Sørvest for Galtvatnet	fukthei	12.11.2009	MQ 28400 75737	547	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25279 75027	353	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25281 75022	357	25 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25268 75008	366	10 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25244 75005	374	3 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25239 74991	381	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25228 74979	390	20 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25242 74943	402	7 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25215 74946	409	10 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	12	Eide	Nordvest for Kjølasetra	fukthei	09.11.2009	MQ 25170 74882	453	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	19	Fræna	Tverrfjell: Seterdalen sør	fukthei	28.10.2009	MQ 11553 75622	357	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	19	Fræna	Tverrfjell: Seterdalen sør	fukthei	28.10.2009	MQ 11574 75584	380	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	19	Fræna	Tverrfjell: Seterdalen sør	fukthei	28.10.2009	MQ 11565 75561	391	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	20	Fræna	Tverrfjell: Stordalen midtre	fukthei	30.10.2009	MQ 12645 75743	295	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	20	Fræna	Tverrfjell: Stordalen midtre	fukthei	30.10.2009	MQ 12651 75769	279	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	21	Fræna	Tverrfjell: Stordalen sør	fukthei	30.10.2009	MQ 12642 75604	380	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	23	Fræna	Allia nordvest	fukthei	10.11.2009	MQ 09336 73202	359	1 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	23	Fræna	Allia nordvest	fukthei	10.11.2009	MQ 09355 73187	354	2 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	24	Fræna	Allia sør	fukthei	10.11.2009	MQ 09499 72974	421	4 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	24	Fræna	Allia sør	fukthei	10.11.2009	MQ 09514 73099	324	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	24	Fræna	Allia sør	fukthei	10.11.2009	MQ 09567 73129	355	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	25	Fræna	Allia nordaust	fukthei	10.11.2009	MQ 09525 73256	312	15 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	25	Fræna	Allia nordaust	fukthei	10.11.2009	MQ 09550 73283	298	2 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	30	Gjemnes	Skredfjellet nord	fukthei	25.06.2009	MQ 28239 75022	381	7 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	30	Gjemnes	Skredfjellet nord	fukthei	25.06.2009	MQ 28444 74713	442	0,5 dm ²	JB
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	30	Gjemnes	Skredfjellet nord	fukthei	25.06.2009	MQ 28239 74999	447	0,5 dm ²	JB

Gr	Latinsk namn	Norsk namn	RL	Lok. nr.	Kommune	Lokalitet	Habitat	Dato	UTM	Hoh	Pop.	Leg.
M	<i>Scapania nimbosa</i>	torntvibladmose	CR	BN0004 5846	Eide	Herkedalsfjellet	fukthei	25.06.2009	MQ 27388 75347	359	0,5 dm ²	JB
P	<i>Pseudorchis albida</i>	kvitkurle	VU	7	Eide	Herkedalsfjellet sør	fukthei	25.06.2009	MQ 28071 74464	513		JB
S	<i>Geoglossum simile</i>	trolljordtunge	NT	27	Fræna	Rødalssetra	naturbeitemark	22.10.2009	MQ 14888 67953	239		JB

LOKALITETS-SKILDRINGAR

Lokalitetane er ordna alfabetisk først etter kommune, deretter lokalitetsnamn. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortingar er nytta:

JB=John Bjarne Jordal

TRH=belegg ved herbariet i Trondheim

For lokalitetar som er registrerte frå før, er det vist til tidlegare lokalitetsnummer. "BN"+talsiffer viser til nummer i Naturbase på Internett (IID).

Posisjonar er oppgjevne som omtrentleg midtpunkt, eller som omskrivne rektangel (intervall).

Sjå også kapitlet om raudlistearter, biletkapittelet, kjeldelista og artslistar (plante- og kryptogamlister).

Averøy

1 Vassdalen: søraust for Knausen

Posisjon:	MQ 248 861
Naturtype:	A08 kystmyr
Utforming:	A0802 atlantisk høgmyr
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.11.2009, JB

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 07.04.2010, basert på eige feltarbeid 06.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som stort sett betre enn 5 meter, men kan vera litt usikker i forhold til omliggjande buskmark som har overgangar mot myr.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Vassdalselva (søraust for Knausen) i Vassdalen søraust for Kårvåg på sørvestsida av Averøya. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består mest av organisk materiale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen kystmyr og mesteparten av lokaliteten har preg av utforminga atlantisk høgmyr, som og vert rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype. Viktige artar var røsslyng og heigråmose på tuvane, elles fanst m.a. bjørneskjegg, molte, torvull og tytebær. Av tre og buskar kan nemnast spreidd furu og litt bjørk.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. heisiv, klokkelyng og myrsnelle.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra verka lite påverka, men det kan ha vore teke torv i tidlegare tider. Inntil lokaliteten var det skogsvegar og plantefelt med gran som og var grøfta, dels i kanten av lokaliteten.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast i lokaliteten og i det næraste nedbørfeltet ved myra.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og relativt mykje myr. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv viktig både for bevaring av typen og for mange artar at høgmyrer ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn at lokaliteten i hovudsak består av atlantisk høgmyr, som er ein sterkt truga naturtype.

2 Vassdalen: ved Vassdalselva

Posisjon:	MQ 243 861
Naturtype:	A08 kystmyr

Utforming:	A0804 blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 07.04.2010, basert på eige feltarbeid 06.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som betre enn 5 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Vassdalselva i Vassdalen søraust for Kårvåg på sørvestsida av Averøya. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består mest av organisk materiale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen kystmyr, og deler av lokaliteten har preg av utforminga atlantisk høgmyr, som og vert rekna som ein sterkt truga vegetasjonstype. Viktige artar var røsslyng og heigråmose på tuvane, elles fanst m.a. bjørneskjegg, molte, torvull og tytebær. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og furu.

Artsmangfald: Det vart ikkje funne spesielt interessante artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Det går ei grøft midt over (her gjekk tidlegare truleg ein bekk, jf. eldre økonomisk kart). Det kan ha vore teke torv i tidlegare tider. Inntil lokaliteten var det ein skogsveg og plantefelt med gran som og var grøfta.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Ytterlegare fysiske inngrep bør unngåast i lokaliteten og i det næraste nedbørfeltet til myra.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og relativt mykje myr. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv viktig både for bevaring av typen og for mange artar at høgmyrer ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn at det er ei myr med blanding av minerotrof og ombrotrof myr, der den truga vegetasjonstypen høgmyr inngår.

3 Vassdalen: nord for Svarthamran

Posisjon:	MQ 253 858
Naturtype:	F08 gammal barskog
Utforming:	F0802 gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep
Undersøkt/kjelder:	06.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 07.04.2010, basert på eige feltarbeid 06.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som betre enn 20 meter i søre delen. Derimot er avgrensinga i nord usikker fordi dette området ikkje er oppsøkt. Avgrensing mot tresett myr er og noko skjønsmessig.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for Svarthamran i Vassdalen søraust for Kårvåg på sørvestsida av Averøya. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen gammal barskog og er dominert av furu. Av andre tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, rogn og øyrevier. Feltskiktet er jamt over lyngdominert med røsslyng, men stadvis myrlendt (fattigmyr). Det finst og litt rikare sig innimellom. Det oseaniske preget er tydeleg med artar som heisiv, heistorr og storfrytle.

Artsmangfald: Av planter vart det notert einskilde meir kravfulle artar som enghumbleblom, gulstorr og kvitbladtistel. Det vart observert spettehakk på furugadd og læger.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen var fleirskikta og ueinsaldra. Det vart observert spor etter hogst (m.a. plukkhogst), men det er og mykje eldre tre og dels litt læger, vindfall og gadd av furu. Det går skogsveg inntil lokaliteten i nordvest, der er og fleire granplantefelt.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Det beste for naturverdiene er at det ikkje vert hogd i lokaliteten.

Del av heilskapleg landskap: Det er generelt lite gammal furuskog i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv viktig for mange artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein furuskog med ein del gammalskogelement og potensiale for kravfulle artar. Artsmangfaldet bør undersøkast betre. Området nord og aust for lokaliteten bør undersøkast betre.

Eide

4 Bollia: Mjølkerberget nord (sør for Torelielva)

Posisjon:	MQ 135 790
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	27.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på eige feltarbeid 27.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar som praktvibladmose og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Mjølkerberget aust for Bollen ved Bollia, i ei nordaustvendt skråning. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Området er rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og smørtelg, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg, rome og kvitlyng er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. dvergjamne, heiblåfjør, heisiv og kattedot. Av mosar vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Myliia taylorii* raudmuslingmose, *Scapania ornithopodioides* praktvibladmose (ca. 15 dm²) og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

5 *Bollia: aust for Bolliklumpen*

Posisjon:	MQ 136 796
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	27.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på eige feltarbeid 27.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Avgrensinga i vest er likevel noko usikker sidan lokaliteten ikkje vart undersøkt i ytterkanten her.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av ein rygg mellom Bolliklumpen og Bollihaugen ved Bollia. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i truleg sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og smørtelg, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var fire delførekomstar med til saman 20 dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. fjelljamne, heisiv, heistorr og svarttopp. Av mosar elles vart det m.a. funne *Bazzania tricrenata* småstylte, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose (mange flekker, til saman 0,7 m²).

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge. Ein førekomst av torntvibladmose var erodert av hjort som hadde sklidd gjennom ei mosetuve.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

6 *Herkedalsfjellet vest*

Posisjon:	MQ 272 748
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar

Undersøkt/kjelder: 25.06.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på eige feltarbeid 25.06.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Det kan likevel vera noko usikkert om fleire av lokalitetane i området burde vore utvida eller slått saman. Dette kan berre avklarast gjennom meir detaljerte undersøkingar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over eksisterande skoggrense på austsida av Herkedalen, sørvest for Herkedalssetra. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming og ligg i skoggrensenivå. Det var fleire rikmyrdrag med breiull mm., elles noko grunnlendt furumyrskog, grunnlendte svaberg og blåbærbjørkeskog. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskittet er dominert av heiarart med fleire lyngartar, bjørnekam og smørtelg, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, rogn og furu.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det var vart funne berre éin delførekomst med 2 dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, breiull, dvergjamne, heiblåfjør, kattedot, nattfiol, svarttopp og særbustorr. Av mosar elles vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Bazzania trilobata* storstylte, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose og *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare (det ligg m.a. nær Herkedalssetra), men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Det vart sett sjølvsådd smågran.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

7 Herkedalsfjellet sør

Posisjon:	MQ 275 744
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	25.06.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på eige feltarbeid 25.06.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Det kan likevel vera noko usikkert om lokaliteten i røynda kan vera større. Dette kan berre avklarast gjennom meir detaljerte undersøkingar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over eksisterande skoggrense på austsida av Herkedalen, sør for Herkedalssetra. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var berre éin delførekomst med 8 dm² mosedekning. Av planter vart det m.a. notert kvitkurle (VU) like aust for lokaliteten, denne arten førekjem spreidd i tidlegare beitepåverka finnskjeggvegetasjon m.a. i skogbandet i deler av fylket. Av mosar vart det m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til atgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

8 Herkedalsfjellet søraust

Posisjon:	MQ 278 751
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	25.06.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på eige feltarbeid 25.06.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Det kan likevel vera noko usikkert om fleire av lokalitetane i området burde vore utvida eller slått saman. Dette kan berre avklarast gjennom meir detaljerte undersøkingar. Lokaliteten grensar til lokalitet av same naturtype og utforming på Gjemnes-sida i aust.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over eksisterande skoggrense på austsida av Herkedalen, aust for Herkedalssetra. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det vart funne berre éin delførekost med 7 dm² mosedekning. Eit anna svært interessant funn var to små flekkar av *Anastrophyllum donnianum* praktdraugmose (NT) heilt nær kvarandre. Dette er og ein sjeldan, oseanisk moseart, og funnet er dessutan ny nordgrense, den gamle var i Ørsta på Sunnmøre. Det vart ikkje teke karplanteliste og ikkje observert særleg interessante planter. Av mosar vart det elles m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

9 Sør for Durmålshaugen 1

Posisjon:	MQ 277 757
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	12.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 09.04.2010, basert på eige feltarbeid 12.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Det kan likevel vera noko usikkert om fleire av lokalitetane i området burde vore utvida eller slått saman. Dette kan berre avklarast gjennom meir detaljerte undersøkingar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over eksisterande skoggrense på austsida av Herkedalen, sør for Durmålshaugen. Det er her to nærliggjande lokalitetar og dette er den nordlegaste. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, fjellkamne og småengcall. Av mosar vart det m.a. funne *Bazzania tricrenata* småstylte, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose (fleire stader, til saman 10 dm²).

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar.

10 Sør for Durmålshaugen 2

Posisjon:	MQ 279 754
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	12.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 09.04.2010, basert på eige feltarbeid 12.11.2009.

Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Ikkje heile det avgrensa området er like høveleg for indikatorartane pga. varierende eksposisjon. Det kan vera noko usikkert om fleire av lokalitetane i området burde vore utvida eller slått saman. Dette kan berre avklarast gjennom meir detaljerte undersøkingar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over eksisterande skoggrense på austsida av Herkedalen, sør for Durmålshaugen. Det er her to nærliggjande lokalitetar og dette er den sørlegaste. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, fjellkamne og småengkall. Av mosar vart det m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (fleire stader, til saman 40 dm²).

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar.

11 Sørvest for Galtvatnet

Posisjon: MQ 283 757
Naturtype: B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder: 12.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 09.04.2010, basert på eige feltarbeid 12.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg over skoggrensa aust for Herkedalen, mellom Harstadfjellet og Nosa, i ei nordvendt skråning på sørvestsida av Galtvatnet. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i lågalpin vegetasjonssone (LA) og dessutan i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet var finnskjeigdominert med einskilde fuktheiartar som bjørneskjeig og rome. Av tre og buskar kan nemnast småbjørk, einer og småfuru.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var seks delførekomstar med til saman 9 dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, fjellkamne og fjellaugnetrøst. Av mosar elles vart det m.a. funne *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

12 Herkedalen: nordvest for Kjølasetra

Posisjon: MQ 251-254, 748-751
Naturtype: B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi: A (svært viktig)

Mulege truslar: Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder: 09.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 09.04.2010, basert på eige feltarbeid 09.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope, nordvendt landskap på vestsida av Herkedalen, nordvest for Kjølasetra, ved kjeldene til Kjølabecken. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Det var og fattige bakkemyrer og lesidevegetasjon med røsslyng mm. Av tre og buskar kan nemmast litt bjørk, småfuru og einer.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det var ni delførekomstar med til saman 77 dm² mosedekning, som er ein av dei største bestandane i området. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, fjelltistel og heisiv. Av mosar elles vart det m.a. funne *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Calypogeia muelleriana* sumpflak, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Kurzia* sp., *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose, *Scorpidium revolvens* raudmakkemose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare (det ligg m.a. nær Kjølasetra), men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

Fræna

13 Herskaret: sørvest for Trollvatnet

Posisjon: MQ 046 761
Naturtype: F07 gammal lauvskog
Utforming: F0703 fuktig kystskog
Verdi: B (viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder: 13.05.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 13.04.2010, basert på eige feltarbeid 13.05.2009. Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og vert rekna som betre enn 50 meter i sør og vest (upresis pga. at ein ikkje har undersøkt heile lokaliteten), men kanskje noko betre i nord.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Lauvhornet og vest for Trollvatnet i Herskaret. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen gammal lauvskog av utforminga fuktig kystskog. Noko av arealet er raspåverka, del med småvaksen fonnskog. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu, hegg, rogn, selje og øyrevier. Bjørka utgjorde ca. 90%, rogn og selje ca. 10%. Feltskiktet er variert med bregner, gras og dels høgstauder (bringebær, mjødukt, skogstorkenebb) på fuktige stader, men det finst og lyngdominerte parti. I

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. fjelltistel, kvitsymre, raggtelg og turt. Følgjande lavar vart funne: *Chaenotheca furfuracea* gullnål, *Lecanactis abietina* gammalgranlav, *Lobaria pulmonaria* lungenever, *Lobaria scrobiculata* skrubbenever, *Nephroma laevigatum* kystvrenge, *Pannaria rubiginosa* kystfiltlav, *Parmeliella triptophylla* stiftfiltlav og *Sphaerophorus globosus* brun koralllav. Det vart elles m.a. notert mosar som *Douinia ovata* vengemose, *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusmose og *Plagiochila asplenoides* prakthinnemose. Ei seljelåg hadde *Blepharostoma trichophyllum* piggrådmose, *Nowellia curvifolia* larvemose og *Tetraxis pellucida* firtannmose. Det vart og observert spettehakk på læger og gadd. Ei firfisle vart observert i ein myrkant.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Det går skogsveg til Trollvatnet, og det har vore hogge ved ved vatnet (lite hogstfelt). Stadvis var bjørka opptil 40 cm i stammediameter.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein gammal lauvskog med noko daud ved og fuktig, oseanisk preg, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire oseaniske artar.

14 Skalten nordvest

Posisjon:	MQ 030-037, 749-752
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheitutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	04.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 04.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Likevel er ikkje heile lokaliteten og alle ytterkantane undersøkt.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nord- og nordaustvendt skråning i ope landskap i ein stor botn på nordsida av Skalten mot Skardsettinden. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheitutforming. Noko av arealet er raspåverka. Austre del av denne store botnen er altfor raspåverka og derfor ikkje avgrensa. Området er og rikt på små berghamrar, svaberg og

steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar og bjørnekam, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, blåtopp, finnskjegg og rome er viktige. Somme stader finst rike sig med kalkkrevande planter. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Særleg spesielt i regional samanheng er den store bestanden av *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose. Truleg dekkjer bestanden eit areal på 20-40 m², 300-520 meter over havet. Av mosar elles vart det m.a. funne *Andreaea alpina* kystsotmose, *Aneura pinguis* fettmose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blepharostoma trichophyllum* piggrådsmose, *Blindia acuta* rødmesigmose, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Fissidens osmundoides* stivlommemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekkmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Scapania gracilis* kysttvibladmose, *Scapania undulata* bekketvibladmose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, heisiv, heistorr, kvitbladstistel, rabbesiv og raudsildre. Fleire av desse er basekrevande artar som er typiske i nordvendte kystberg.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark med ein stor bestand av prakttvibladmose, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

15 Bjerke vest for Skalten

Posisjon:	MQ 019 742
Naturtype:	F07 gammal lauvskog
Utforming:	F0703 fuktig kystskog
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	04.04.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 12.04.2010, basert på eige feltarbeid 04.04.2009. Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og vert rekna som betre enn 50 meter i aust og nord, men 20 meter i vest. Avgrensinga er upresis pga. at ein ikkje har undersøkt heile lokaliteten. Overgangen mot gammal furuskog (kartlagt tidlegare) i aust og nord er noko gradvis og skjønsmessig. Betre undersøkingar må til for å avklara om lokaliteten skal trekkjast lenger mot sørvest.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei vestvendt li med ein bekkedal aust for Bjerke på sørvestsida av Skalten. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg

og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu, hassel, osp, rogn og selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. krossved, kusymre, markjordbær og vivendel. Det vart elles m.a. notert mosar som *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Plagiochila asplenioides* prakthinnemose. Følgjande lavartar vart noterte på trestammar: *Degelia plumbea* vanleg blåfiltlav (osp), *Lobaria pulmonaria* lungenever (m.a. på selje), *Nephroma bellum* glattvrenge, *Pannaria rubiginosa* kystfiltlav (osp) og *Parmeliella triptophylla* stiftfiltlav. Av fugl vart det observert gråspett (NT), dvergspett (VU), spetteeis, lauvmeis og toppmeis. Det var noko hjortetrakk.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har god tilgang på daud ved, særleg læger og høgstubbar av fleire lauvtreslag i øvre deler av området. Grov osp opptil 60 cm stammediameter vart observert i øvre del, og dette tyder på berre sporadisk utnytting. Det var rikeleg med merke etter spettehakk. I nedre del grensar lokaliteten til eit lite granplantefelt. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag.

Framande artar: Ingen observerte artar, men gran finst planta nedanfor lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein gammal lauvskog med noko daud ved og fuktig, oseanisk preg. Han har fleire oseaniske artar og to raudlista fugleartar.

16 Høglia nord

Posisjon:	MQ 021-026, 739-741
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	04.04.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 13.04.2010, basert på eige feltarbeid 04.04.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt skråning i ope landskap på nordsida av Høglia (sør for Skalten). Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar og bjørnekam, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. heistorr. Av mosar vart det m.a. funne ein del prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*, og elles *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Blepharostoma trichophyllum* piggrådsmose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Fissidens adianthoides* saglommemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Marsupella emarginata* mattehutmose og *Mylia taylorii* raudmuslingmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

17 Høglia sørvest

Posisjon:	MQ 018 732
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	C (lokalt viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	04.04.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 13.04.2010, basert på eige feltarbeid 04.04.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform/eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Utstrekninga av lokaliteten kan likevel vera større, men dette kan berre avklarast med meir detaljerte undersøkingar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt skråning i furudominert landskap på sørvestsida av Høglia (sørvest for Skalten). Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, men er omgjeven av furuskog, dels med læger og gadd av furu og undervegetasjon av røsslyng. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiarartar med fleire lyngartar og bjørnekam, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Arismangfald: Av planter vart det notert m.a. heistorr. Av mosar vart det m.a. funne noko praktvibladmose *Scapania ornithopodioides*, og elles *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Mylia taylorii* raudmuslingemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge. Det var noko erosjon av hjortetrakk.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande

områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillir kriteria til B som nordvendte kystberg og blokkmark.

18 Tverrfjell: Seterdalen nord

Posisjon:	MQ 116 763
Naturtype:	F07 gammal lauvskog
Utforming:	F0703 fuktig kystskog
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	28.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 28.10.2009. Avgrensinga er basert på ortofoto og GPS-målingar i felt og vert rekna som betre enn 50 meter i sør, aust og vest (upresis pga. at ein ikkje har undersøkt heile lokaliteten), men kanskje noko betre i nord.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt lisode i nordre del av Seterdalen i Tverrfjella. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, hegg, osp, rogn og selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. enghumleblom. På trestammar vart m.a. følgjande lavartar funne: *Degelia plumbrea* vanleg blåfiltlav (på rogn), *Lobaria pulmonaria* lungenever, *Lobaria scrobiculata* skrubbenever, *Normandina pulchella* muslinglav, *Pannaria rubiginosa* kystfiltlav og *Parmeliella triptophylla* stiftfiltlav. Av mosar vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Anoetangium aestivum* skortejuvmose, *Antitrichia curtispindula* ryemose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blepharostoma trichophyllum* piggrådmose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Nowellia curvifolia* larvemose, *Plagiochila asplenioides* prakthinnemose, *Riccardia palmata* fingersaftmose, *Scapania umbrosa* sagtvibladmose, *Tetraphis pellucida* firtannmose, *Tritomaria exsecta* kysthoggtann og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose. Det vart observert spettehakk og spettehol i osp.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er noko påverka av skogsvegar og hogst, særleg i nedre del. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. I nedre del var det 15-20 osper opptil 40 cm stammediameter, og høgstubbar og læger.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar. Det er truleg potensiale for raudlisteartar (for dårleg undersøkt).

19 Tverrfjell: Seterdalen sør

Posisjon:	MQ 116 757
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	28.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 28.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside i sør del av Seterdalen i Tverrfjella. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, men det er og overgang mot C01 kalkrike område i fjellet. Det var og litt lauvskog rundt nokre bergknauser i nedre del av lokaliteten. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu og rogn.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var 3 delførekomstar med til saman rundt éin dm² mosedekning. Det var ein stor bestand av kystmaigull langs ein bekk heilt opp til 475 meter over havet, noko som er regionalt uvanleg. Av planter elles vart det notert m.a. fjelltistel, gulsildre, gulstorr, kornstorr, kvitbladtistel, myske, skogfiol og sumphaukeskjegg. Av mosar vart det m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (rundt 0,7 m²), og dessutan *Blindia acuta* rødmesigmose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Plagiochila porelloides* berghinnemose, *Rhabdoweisia crispata* kysturnemose og *Sphagnum squarrosum* spriketormose. På trestammar vart det funne *Degelia plumbea* vanleg blåfjelllav og *Lobaria pulmonaria* lungenever.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

20 Tverrfjell: Stordalen midtre

Posisjon:	MQ 126 757
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming

Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder: 30.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 30.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside i midtre del av Stordalen i Tverrfjella. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, rogn og selje.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det var to delførekomstar med til saman éin dm² mosedekning. Det vart ikkje notert interessante karplanter. Av mosar vart det m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (rundt 0,4 m²).

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

21 Tverrfjell: Stordalen sør

Posisjon: MQ 126 756
Naturtype: B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming: B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi: A (svært viktig)
Mulege truslar: Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder: 30.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 30.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside i søre del av Stordalen i Tverrfjella. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhører naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar og bjørnekam, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk og einer.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var éin delførekomst med 0,5 dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulsildre, harerug, rabbesiv, raudsildre og småengkall. Av mosar elles vart det m.a. funne *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose (rundt 4-5 dm²), *Scapania undulata* bekketvebladmose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

22 Tverrfjell: Stordalen sørvest

Posisjon:	MQ 124 756
Naturtype:	C01 kalkrike område i fjellet
Utforming:	C0104 bergknaus og rasmark
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	30.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 16.04.2010, basert på eige feltarbeid 30.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som truleg betre enn 50 meter. Ikkje alle deler av lokaliteten er undersøkt.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside i sørvestre del av Stordalen i Tverrfjella langs ein bekk opp til ca. 500 meter over havet. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhører naturtypen kalkrike område i fjellet, utforminga bergknaus og rasmark. Det meste av arealet er raspåverka, og har innslag av høgstaudeenger.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, hestespreng, kvitbladtistel, raggtelg, småengkall og svartstorr. Av mosar vart det m.a. funne *Ctenidium molluscum* kammose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Scapania undulata* bekketvebladmose, *Scorpidium revolvens* raudmakkmose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan koma til å endra miljøtilhøva. Mindre snø og

ustabilt snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

23 *Allia nordvest*

Posisjon:	MQ 093 731
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	10.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 09.04.2010, basert på eige feltarbeid 10.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Ved å ta med buffersoner kunne eit alternativ vera å slå saman dei tre lokalitetane på nordsida av Allia.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i eit ope knaus- og bergdominert landskap med spreidd bjørkeskog på nordsida av Allia ved Elnesvågen, i vestre del av ei nordvendt gryte som vender mot Talstadhesten. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og blåtopp, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var to delførekomstar med til saman tre dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjellsmelle, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, kattfot, kvitbladtistel, loppestorr, rabbesiv, raggtelg, raudsildre, småengkall, svartstorr, svarttopp, taggbregne og trillingsiv. Av mosar vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Andreaea alpina* kystsotmose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blindia acuta* rødmesigmose, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Plagiothecium undulatum* kystjammemose, *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose (store flak, ca. 2 m² totalt) og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabilt snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

24 Allia sør

Posisjon:	MQ 095 729
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	10.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 12.04.2010, basert på eige feltarbeid 10.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Avgrensinga er likevel noko skjønsmessig i nordaust, vidare undersøkingar er naudsynt for å avgjera om lokaliteten burde vore endra her. Ved å ta med buffersoner kunne eit alternativ vera å slå saman dei tre lokalitetane på nordsida av Allia.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Allia ved Elnesvågen, i søre del av ei nordvendt gryte som vender mot Talstadhesten. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. I aust ligg dels rike berg med innslag av høgstauder. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og blåtopp, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og rogn.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var tre delførekomstar med til saman fem dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, kattedot, rabbesiv, småengkall, svarttopp, taggbregne og trillingsiv. Av mosar vart det elles m.a. funne *Lepidozia pearsonii* grannkrekmose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv

svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

25 *Allia nordaust*

Posisjon:	MQ 095 732
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Muleg truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	10.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 12.04.2010, basert på eige feltarbeid 10.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Tilgrensande område (særleg i aust og sør) er likevel ikkje undersøkte, og det kan tenkjast at lokaliteten i røynda er større. Ved å ta med buffersoner kunne eit alternativ elles vera å slå saman dei tre lokalitetane på nordsida av Allia.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Allia ved Elnesvågen, i austre del av ei nordvendt gryte som vender mot Talstadhesten. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming, men ligg omkransa av bjørkeskog. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og blåtopp, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og rogn.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var to delførekomstar med til saman 17 dm² mosedekning, den største bestanden i dette området nord for Allia. Det vart ikkje notert særleg interessante planter, og det vart heller ikkje tatt karplanteliste. Av mosar vart det m.a. funne mykje prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (rundt 2 m²).

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

26 Rødalen: Gjengkleiva nord

Posisjon:	MQ 155 684
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	22.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 13.04.2010, basert på eige feltarbeid 22.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. I nordre del er det likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med, sidan det her vart funne berre meir vidt utbreidde indikatorartar.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside nordvest for Gjengkleivvatnet i Rødalen i søraustre del av Fræna. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonssesksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg som skapar variasjon. Av tre og buskar vart det berre funne bjørk.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, blålyng, fjelljamne og heisiv. Av mosar vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Anastrophyllum minutum* tråddraugmose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Bazzania trilobata* storstylte, *Blepharostoma trichophyllum* piggrådsmose, *Calypogeia muelleriana* sumpflak, *Campylopus atrovirens* pelssåtemose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

27 Rødalsetra

Posisjon:	MQ 148 679
Naturtype:	D04 naturbeitemark
Utforming:	D0404 frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
Undersøkt/kjelder:	22.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 15.04.2010, basert på eige feltarbeid 22.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og myr og mellom naturbeitemark og lynghei.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Rødalssetra ligg i dalbotnen i austre del av Rødalen i søraustre del av Fræna. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av elvetransportert materiale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men har og noko einerbuskmark, og det er dessutan overgangar mot myr (fattig og intermediær) og lynghei/lesidevegetasjon. Vegetasjonen var moserik, og med eit delvis godt nedbeita feltskikt med m.a. ein del finnskjegg. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. heisiv, klokkelyng, kornstorr og revebjølle. Av sopp vart det m.a. funne *Geoglossum simile* trolljordtunge (NT).

Bruk, tilstand og påverknad: Området er framleis ein del beita av storfe, hest og truleg sau. Det er fleire seterhus og ei driftsbygning, og dessutan murar etter tidlegare fjøs. I nærleiken i vest ligg eit oppdyrka område. Det går veg fram til setra, denne er stengt med låst bom. Det var litt trakkskader somme stader. Området verka ikkje gjødsla.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein av mange setervollar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og ein raudlisteart i låg kategori.

28 Fjellsetervatnet sør

Posisjon:	MQ 045 644
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 sørleg, oseanisk moseutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	21.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 12.04.2010, basert på eige feltarbeid 21.10.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei nordvendt fjellside med berg, mosegrodde steinur og bjørkeskog på sørsida av Fjellsetervatnet i søre Fræna. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu og rogn. Bjørkeskogen var utan grove tre.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. blåklokke, engfiol, enghumleblom, gulsildre, gulstorr og rabbesiv. Av mosar vart det m.a. funne *Anoetangium aestivum* skortejuvmose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Dicranodontium denudatum* fleinljåmose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Hylocomiastrum umbratum* skuggehusmose, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Mnium hornum* kyststornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Plagiochila asplenioides* prakthinnemose, *Plagiomnium undulatum* krusfagermose, *Plagiothecium undulatum* kystjamnemose, *Ulota phyllantha* piggknoppgullhette og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose. Av lav vart det m.a. observert *Nephroma parile* grynvreng, *Peltigera britannica* kystgrønnever og *Sphaerophorus globosus* brun korallav.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

29 Vest for Frænavarden

Posisjon:	MQ 052 616
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	17.11.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 13.04.2010, basert på eige feltarbeid 17.11.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ein botn vest for Middagsfjellet og Frænavarden like nord for grensa til Molde kommune i søre Fræna. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg truleg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiutforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiartar med fleire lyngartar, bjørnekam og blåtopp, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer og furu.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd. Av mosar vart det m.a. funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (bortimot 1 m² fordelt på mange punktførekomstar), og elles *Anastrepta orcadensis* heimose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Marsupella emarginata* mattehutremose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv

svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande artar.

Gjemnes

30 Skredfjellet nord

Posisjon:	MQ 282-284, 746-750
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	25.06.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 21.04.2010, basert på eige feltarbeid 25.06.2009. Avgrensinga er basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert rekna som betre enn 20 meter. Lokaliteten er likevel ikkje undersøkt i aust og sør, og avgrensinga her er noko meir usikker. Lokaliteten grensar til lokalitet av same naturtype og utforming på Eide-sida i vest.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordaustvendt fjellside som går nordover frå Skredfjellet og ligg vest for Harstadfjellet og aust for Herkedalen, nær grensa til Eide kommune. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonssesjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Det vart funne fleire kalkrike sig, og noko lesidevegetasjon. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Feltskiktet er dominert av heiarartar med fleire lyngartar, bjørnekam og blåtopp, og særleg artar knytt til fukthei, som bjørneskjegg, finnskjegg og rome er viktige. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, furu og rogn.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbose* (CR). Det vart funne tre delførekomstar med til saman rundt åtte dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. fjellfrøstjerne, fjelljamne, fjellpryd, fjelltistel, gulsildre, harerug, kvitbladtistel, kvitsymre, småengkall og svarttopp. Av mosar elles vart det m.a. funne *Bazzania tricrenata* småstylte, *Lepidozia pearsonii* grannkrekemose, *Riccardia multifida* fjørsaftmose, *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose, *Sphagnum squarrosum* spriketormose, *Splachnum vasculosum* knappmøkkemose og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Området verkar lite påverka. Det har nok vore ein del beita tidlegare, men beitetrykket verkar lite i dag. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekkje kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

Supplering av kjende lokalitetar

BN00045846 Eide: Herkedalsfjellet nord for Herkedalssetra (ny avgrensing, ny skildring)

Posisjon:	MQ 271-274, 750-756
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0403 moserik fjellheiotforming
Verdi:	A (svært viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (besøk av KH og JBJ 23.09.2008, Jordal 2009), 25.06.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 08.04.2010, basert på Naturbase (besøk av Kristian Hassel og J.B. Jordal 23.09.2008, Jordal 2009) og eige feltarbeid 25.06.2009. Avgrensinga er litt endra i høve til tidlegare Naturbase, basert på GPS, ortofoto, terrengform, eksposisjon og funn av indikatorartar og vert i hovudsak rekna som betre enn 20 meter. I sør og sørvest er likevel området for dårleg undersøkt og avgrensinga litt meir usikker.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Herkedalen nord for Herkedalssetra (Storheia på økonomisk kart), rundt 260-420 m o.h. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark, moserik fjellheiotforming. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på småberg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Viktigaste vegetasjonstype er oseaniske fuktheiar og fattige bakkemyrer med m.a. bjørneskjegg, rome, finnskjegg, røsslyng, blokkebær og blåtopp. Bjørk og furu førekjem spreidd men terrenget har eit i hovudsak ope preg.

Artsmangfald: Viktigast var funnet av den svært sjeldne raudlistearten torntvibladmose *Scapania nimbosa* (CR). Det var 8 delførekomstar med til saman over 50 dm² mosedekning. Av planter vart det notert m.a. bjørnebrodd, dvergjamne, fjelljamne, greplyng, gulsildre, heiblåfjør, heisiv, kattefot, kornstorr, kystmyrklegg, loppestorr, myraugnetrøst, rypebær og svarttopp. Av mosar kan nemnast heimose *Anastrepta orcadensis*, kystsotmose *Andraea alpina*, småstylte *Bazzania tricrenata*, storstylte *Bazzania trilobata*, pelssåtemose *Campylopus atrovirens*, heiflette *Hypnum jutlandicum*, kystfingeremose *Kurzia trichoclados*, grannkrekemose *Lepidozia pearsonii*, raudmuslingemose *Mylia taylorii*, prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides* (over 20 delførekomstar og gode bestandar), raudmakkemose *Scorpidium revolvens* og heitorvmose *Sphagnum strictum*. Mange av desse er oseaniske artar.

Bruk, tilstand og påverknad: Kulturpåverknaden er liten i dag, men området har vore beita av sau. Det går ein nokså svak sti gjennom lokaliteten til Herkedalssetra. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv

svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at han har bestandar av den svært sjeldne torntvibladmosen som står som kritisk truga (CR) på raudlista (Flatberg et al. 2006). Denne arten er i heile Europa berre kjend frå dei britiske øyane og eit lite område i Eide, Fræna og Gjemnes.

BN00020307 Fræna: Tverrfjell: Stordalen vest (ny skildring)

Posisjon:	MQ 125 758
Naturtype:	B04 nordvendte kystberg og blokkmark
Utforming:	B0402 sørleg, oseanisk moseutforming
Verdi:	B (viktig)
Mulege truslar:	Fysiske inngrep, klimaendringar
Undersøkt/kjelder:	Naturbase (besøk av G. Gaarder 15.03.2003, Jordal 2005), 30.10.2009, JBJ

Områdeskildring

Innleiing: Skildringa er skriven John Bjarne Jordal 16.04.2010, basert på Naturbase (besøk av G. Gaarder 15.03.2003, Jordal 2005) og eige feltarbeid 30.10.2009. Avgrensinga er ikkje endra i høve til tidlegare, men kontrollert på grunnlag av GPS-målingar og ortofoto og vert rekna som betre enn 20 meter.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ope terreng i ei nordvendt fjellside i vestre del av Stordalen i Tverrfjella. Berggrunnen består av gneis. Lausmassane består truleg mest av elvetransportert grus og rasmateriale. Området ligg truleg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten kan truleg best førast til naturtypen og utforminga bekkekløft, men har mange trekk felles med B04 nordvendte kystberg og blokkmark. Noko av arealet er raspåverka. Området er og rikt på berg og steinblokker som skapar variasjon og er viktige substrat for oseaniske kryptogamartar. Av tre og buskar kan nemnast bjørk, einer, rogn og selje.

Artsmangfald: Av planter vart det notert m.a. enghumleblom, geitrams, gulsildre, hinnebregne (fleire stader på berg langs bekken), kvitsoleie, kystmaigull, lundrapp, rabbesiv, raggtelg, skogkarse, skogmarihand, stjernesildre, sumphaukeskjegg, svarttopp og turt. Av mosar vart det m.a. funne *Anastrepta orcadensis* heimose, *Anastrophyllum minutum* tråddraugmose, *Aneura pinguis* fettmose, *Anoetangium aestivum* skortejuvmose, *Bartramia pomiformis* eplekulemose, *Bazzania tricrenata* småstylte, *Blindia acuta* rødmesigmose, *Ctenidium molluscum* kammose, *Diplophyllum albicans* stripefoldmose, *Douinia ovata* vengemose, *Hookeria lucens* dronningmose, *Mnium hornum* kysttornemose, *Mylia taylorii* raudmuslingmose, *Radula complanata* krinsflatmose, *Scapania gracilis* kysttvebladmose, *Scapania ornithopodioides* prakttvibladmose (i fukthei omkransa av bjørk oppå kanten av bekkekløfta i aust) og *Warnstorfia sarmentosa* blodnøkkemose. Oppå kanten i aust (i fukthei i kanten av det avgrensa området) vart det funne prakttvibladmose *Scapania ornithopodioides*. *Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten har vore beita, men lite dei siste åra. Elles verkar området lite påverka. Klimaendringar kan verta eit problem for dei oseaniske artane. Mindre snø og ustabil snødekke kan føra til meir uttørking om vinteren mellom anna. Stigande skoggrense kan og føra til meir skugge.

Framande artar: Ingen observerte artar.

Skjøtsel og omsyn: Fysiske inngrep bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, som er uheldig fordi dei oseaniske artane vil få for mykje skugge. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område av Møre og Romsdal med høg årsnedbør, milde vintrar og stor luftfuktigheit, og har derfor spreidde lokalitetar av nordvendte kystberg, ein type som utgjer små areal på landsbasis. Kystfjella i Eide og Fræna har eit av dei største samanhengande områda for oseaniske kryptogamartar i Møre og Romsdal. Det er i eit landskapsøkologisk perspektiv svært viktig m.a. for ei rekkje oseaniske artar at desse lokalitetane ikkje vert ytterlegare fragmenterte, men vert tekne vare på mest muleg utan inngrep.

Grunngjeving for verdisetting: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein velutvikla lokalitet med nordvendte kystberg og blokkmark, men utan særleg stort mangfald eller raudlisteartar. Lokaliteten har fleire kravfulle oseaniske artar og nokre basekrevande karplantartar.

Andre lokalitetar (ikkje avgrensa)

Nedanfor er det sett opp eit oversyn over 15 lokalitetar som er undersøkte, men der ein ikkje har funne tilstrekkelege verdiar til å avgrensa naturtypelokalitetar. Dette er alle lokalitetar som ut frå kart og avstandsbetraktning såg ut til å kunne vera potensielle B04 - nordvendte kystberg og blokkmark av utforminga B0403 Moserik fjellheiotforming.

Tabell 4. Område som er oppsøkt, men der ein ikkje har avgrensa naturtypelokalitetar.

Kommune	Lokalitet	Posisjon	Dato	Kommentar
